

Hai i sikte

Med gapet fullt av sylskarpe tenner kan ein stor kvithai verke ganske truande. Men vi menneske er òg ein trussel mot haien. Båtar, garn, fiskekrokar og forureining kan vere livsfarleg for dei store rovfiskane. For å kunne ta betre vare på haiane må vi finne ut meir om korleis dei oppfører seg. Kvar dreg dei? Når? Kva gjer dei?

TEKST: MAGNUS HOLM



På appen Shark Net kan du følge 120 kvithaiar.

For å finne svar på desse spørsmåla får forskarane hjelp av ein bølgedriven undervassrobot. Forskarane har festa små sendarar på 120 kvithaiar. Desse instrumenta lagar eit spesielt lydsignal. Signala blir plukka opp av mottakarar på spesielle bøyar – og av undervassroboten Carey. Denne roboten treng verken drivstoff eller batteri. Han hentar energien sin frå bølger og sol.



Forskarane sjøsett roboten Carey.

Dermed treng han ikkje stoppe for å lade batteri eller fylle drivstoff. Carey kan symje omkring i Stillehavet i månadsvis. Kvar gong han oppdagar ein hai, gir han forskarane beskjed. Slik kan forskarane heile tida følgje med på kvar haiane er.

Hai på mobilen


Faktisk kan du òg følgje haiane når dei symjer omkring i Stillehavet. Forskarane har nemleg laga ein eigen app som lar deg følgje rundt 20 av

haiane på ein smarttelefon. Denne appen gir deg beskjed kvar gong ein av haiane passerer ei bøye eller blir oppdaga av undervassroboten. Du kan òg sjå 3D-modellar, foto og video av haiane.

Appen heiter Shark Net – Predators of the Blue Serengeti. Han er gratis, og kan lastast ned frå App Store eller iTunes.



Roboten hentar energi frå bølger og sol.



Rovfisk med sylskarpe sansar



Haien har ein kropp som er perfekt tilpassa rolla som rovfisk – heilt frå halefinnen til dei sylskarpe tennene. Han kan lukte ei teskei blod på lang avstand. No har forskarar fått ny kunnskap om luktesansen og synet til haien.

TEKST: MAGNUS HOLM

Stavcellene i eit menneskeauge er svært følsame for lys. Dei gir mellom anna nattsyn. Tre typar tappceller gir oss fargesyn: ei for blått, ei for raudt og ei for grønt lys. Dette har ikkje haien. Australske forskarar har undersøkt 17 forskjellige haiartar. Dei fann ut at 10 av artane ikkje hadde

nokon tappceller i det heile. Resten av haiane har berre tappceller som fangar opp grønt lys. Det betyr at haiane truleg ikkje kan sjå forskjell på fargar. Men dei kan sjå forskjell på mørke og lyse ting. Djupt nede i havet er det mørkt og få fargar å sjå. Då er det ikkje så viktig med fargesyn. Det

er mykje viktigare for haien å ha godt mørkesyn.

Nyttig kunnskap

Det kan vere nyttig å vite meir om synet til haien. Ein av forskarane meiner det kan hjelpe oss til å lage badedrakter som ser mindre spennande ut for hai. Vi kan òg fiske med agn som hai ikkje får auge på, men som tiltrekkjer seg andre fiskar. Slik kan menneske og hai slippe å bli middag for kvarandre.

Fantastisk luktesans

Haien har ein fantastisk luktesans. Han kan lukte så lite som ei teskei

blod på lang avstand. Haien kan òg finne ut nøyaktig kvar lukta kjem frå. Når ei freistande lukte når fram til haien, vil ho treffe det eine nasebora ein liten augneblink for den andre. Dersom lukta treffer det venstre nasebora først, veit haien at lukta kjem frå venstre. Dette kan forklare kvifor hovudet til hammarhaien har så rar fasong. Nasebora sit nemleg på kvar si side av det kjempebreie hovudet. Dermed blir tidsforskjellen mellom nasebora ekstra stor. Då er det endå lettare å lukte seg fram til maten.